

# VELKOMEN TIL HYTTA!

**Dette er ei av Lom fjellstyre sine hytter som er til allmenn utleige. Med dette og andre tiltak, ønskjer fjellstyret å legge til rette for enkelt friluftsliv for alle.**

**Fjellstyret driv ikkje utleigeverksemd for eiga vinning. Utleiga er basert på tillit til at alle som brukar hyttene, ryddar og vaskar etter seg, tek med seg att søppel og matrestar, og gjer alt klart og koseleg til nestemann som kjem. Fjellopsynet har ikkje kapasitet til alltid å sjekke at hyttene er i orden. Det kan bli aktuelt å fakturere for rydding og vasking i ettertid, viss dette ikkje har vore gjort tilfredsstillande.**

Lom fjellstyre har totalt 9 utleigehytter av ulik standard og 5 gamle steinbuer som står opne. Utleigehyttene er utstyrt med ved, gass, stearinljøs og kjøkenutstyr. Innanbygdsbuande har fortrinnsrett og billigare leige enn utanbygds. Prisane ligg i området kr. 450-540 pr. døgn med 25 % rabatt for innbygdsbuande.

Hytte	Stad	Sengeplassar	Tilstand
<b>Utleigehytter</b>			
Grønbua	Veodalen	3	God, restaurert 1993
Heranosbua	Veodalen	4	God, nyoppført 1989
Geitåbua	Netofjellet	2	God, nyoppført 2010
Bøvertjønne	Bøvertjønne	7	God, nyoppført 1980
Vesfjellbu	Krossbu	2	Dårleg, restaurert 1999
Memurubua	Memurubu	2	God, restaurert 2003
Gjendehytta	Gjendebu	4	God, nyoppført 2001
Storådalshytta	Storådalen	2	Middels, restaurert 1977
Langvassbua	Langvatnet	4	God, nyoppført 1997
<b>Opne buer</b>			
Saubua	Veodalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Bergenussbuene	Veodalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Nøgla	Leirvassbu	-	Steinbu, restaurert 2005
Veslådalsbua	Veslådalen	-	Steinbu, restaurert 1970 åra
Koppflybua	Koppflye	-	Steinbu, nyoppføring 2004

Gjendebua, Heranosbua og Geitåbua er brukt som gjetarbuer i beitesesongen, og kan dermed ikkje leigast ut til andre i den tida.

Fjellstyret har båt og garn til utleige på Grisletjernet, Høyvatnet og på Langvatnet. På Høybreavatnet har vi båt til utleige. Fiskekort kan kjøpast på Inatur, på butikkar og turiststader.

# HYTTEREGLAR

**Hovudregelen for besøkjande på hyttene våre er at de skal reise frå hytta i den stand de ynskjer å finne den, og gjerne litt betre!!**

- Alle SKAL skrive seg inn i hytteboka. I det minste med namn og dato for besøket.
- Sjekk at røykvarslar er på plass og i orden.
- Hundar er tillate å ha med, men skal IKKJE liggje i seng, sofa eller stolar.
- Hytte og inventar skal vera skikkeleg reingjort når de reiser.
- Vask opp alt du har brukt, og rydd det på plass.
- Fyr i omnen med fornuft og fyll opp vedkassa att før de reiser. Vedtransport til hyttene er kostbart.
- Gasskokeapparatet skal brukast til matlaging, ikkje oppvarming. Steng gassventilen når de reiser.
- Ta med deg all søppel og tomgoods, og alle matrestar. Varer som ikkje er opna, og tåler lagring godt, kan leggjast att som naudproviant.
- Tøm ut vassbytta.
- Viss glasskoddane var på plass då du kom, skal dei også vere på når du reiser att. Pass på at dei er skikkeleg festa.
- Dodøra skal vere forsvarleg lukka, og eventuelt låst.
- Ikkje tøm omn eller peis for oske ved avreise. Varm oske er brannfarleg!
- Vinterstid skal lufteventilar stengjast.
- Gje beskjed til fjellstyrekontoret om noko manglar eller er skada, og når reinhaldet har vore mangelfullt.

Har du brukt båt, ver sikker på at den er skikkeleg lagt opp og fortøya.